

# Bacheloroppgåve

## Tilvenning

«Korleis arbeidar pedagogiske leiarar for å gje dei yngste barna ein trygg og god start i barnehagen?»

Mari Nedrelid Heggen

Barnehagelærar 2017-2020

2020

## **Forord**

Dette er ei bacheloroppgåve som er gjennomført 3.året ved Høgskulen i Volda. Det har vore ein tidkrevjande, men også ein svært lærerik prosess. Eg har verkeleg hatt det kjekt ved å skrive denne oppgåva. Eg vil nytte høvet til å takke dei som har vore til hjelp.

Eg hadde eit ynskje om å lære meir om korleis dei pedagogiske leiarane arbeidar ute i barnehagane for å skape ein trygg og god start i barnehagen for dei yngste barna. Gjennom dette arbeidet sit eg igjen med ny kunnskap og innsikt om dette temaet. Eg opplevde det som spesielt lærerikt å høyre på fire pedagogiske leiarar sine tankar, kunnskap og erfaringar rundt dette temaet. Denne kunnskapen eg har tileigna meg vil eg ta med meg ut i arbeidslivet som barnehagelærar. Så tusen takk til mine fire informantar som stilte opp.

Eg vil også takke rettleiaren min, som har vore til stor hjelp og ei god støtte gjennom heile prosessen.

Eg vil til slutt takke familien min for all hjelp og støtte i denne prosessen, ei ekstra takk til min kjære storebror, eg set stor pris på korrekturlesing av oppgåva mi.

## **Samandrag**

I denne oppgåva blir problemstillinga «korleis arbeidar pedagogiske leiarar for å skape ein trygg og god start i barnehagen for dei yngste barna i barnehagen?», sett i samanheng med relevant teori, forsking og empiri. Eg har gjennomført fire kvalitative forskingsintervju med pedagogiske leiarar.

Studien viser at dei pedagogiske leiarane vektlegg tilvenning og tilknyting når dei yngste barna startar i barnehagen. Under desse to hovudkategoriane har eg funne fire arbeidsmetodar dei meiner er viktige for at dei yngste barna skal få ein trygg og god start i barnehagen. Desse fire arbeidsmetodane er foreldresamarbeid, primærkontakt, tryggleikssirkelen og overgangsobjekt. I denne oppgåva drøftar eg kvifor desse arbeidsmåtane er viktig for at dei yngste barna skal få ein trygg og god start i barnehagen.

Mine fire informantar har mykje felles kunnskap, erfaringar og tankar rundt temaet men noko skil seg ut. Eit av mine funn og anna forsking viser at foreldreaktiv tilvenning er hensiktsmessig. Ved å ha foreldre tilstades i barnehagen opplever ein at foreldre blir tryggare. Når foreldra er trygge på den nye kvardagen smittar det over på barna.

## Innholdsfortegnelse

<b>1 Innleiing.....</b>	<b>4</b>
1.1 Tema og bakgrunn for val av tema.....	4
1.2 Føremål og problemstilling.....	4
1.3 Nøkkelomgrep .....	5
1.3.1 Trygg og god start.....	5
1.3.2 Yngste barna.....	5
1.4 Avgrensing .....	5
<b>2 Kunnskapsgrunnlag.....</b>	<b>6</b>
2.1 Styringsdokument .....	6
2.2 Forsking .....	7
2.3 Teoretiske perspektiv på problemstillinga .....	8
2.3.1 Tilvenning.....	8
2.3.2 Tilknyting .....	10
<b>3 Metode.....</b>	<b>13</b>
3.1 Val av metode .....	13
3.2 Val av informantar.....	14
3.3 Gjennomføring av intervju.....	15
3.4 Transkribering.....	16
3.5 Kvalitet av studien .....	17
3.5.1 Reliabilitet, validitet og generalisering.....	17
3.5.2 Analyse av data .....	19
3.5.3 Forskingsetiske vurderinger.....	20
<b>4 Presentasjon og drøfting av data .....</b>	<b>20</b>
4.1 Tilvenning .....	21
4.1.1 Foreldresamarbeid.....	23
4.1.2 Primærkontakt .....	25
4.2 Tilknyting .....	27
4.2.1 Tryggleiksobjekt.....	27
4.2.2 Tryggleikssirkelen .....	29
<b>6 Konklusjon.....</b>	<b>30</b>
<b>7 Litteraturliste.....</b>	<b>32</b>
<b>Vedlegg 1: Samtykkeskjema .....</b>	<b>34</b>
<b>Vedlegg 2 Samtykkeskjema covid-19 .....</b>	<b>37</b>
<b>Vedlegg 3 Intervjuguide.....</b>	<b>40</b>

# 1 Innleiing

## 1.1 Tema og bakgrunn for val av tema

Rammeplanen (2017,s.33) skriv at barnehagen i samarbeid med foreldra skal legge til rette for at barnet får ein trygg og god start i barnehagen. I følgje Statistisk Sentralbyrå (SSB) går 84,4 % av alle barn i alderen 1-2 år i barnehage (Statistisk sentralbyrå, 2019). Sidan barna startar tidlegare i barnehagen enn før er det viktig at vi som arbeidar i barnehagen har kunnskap om korleis vi på best mogleg måte kan arbeide for ein trygg og god start i barnehagen for dei yngste barna. Temaet i denne oppgåva er difor tilvenning for dei yngste barna i barnehagen.

Eg har valt temaet tilvenning fordi det sidan førsteklasse på barnehagelærarutdanninga har vore eit tema som har stått mitt interessefelt nært. Samstundes har eg gjennom praksis og jobb sett at ingen tilvenning er lik og at det difor er viktig å møte kvart enkelt individ. I arbeidslivet vil det vere mange tilvenningar, både for nye barn og barn som skal gå frå småbarns til storbarnsavdeling. Difor er det viktig å tilegne seg meir kunnskap om korleis eg som barnehagelærar skal møte barna for å skape ein trygg og god start på barnehagelivet.

## 1.2 Føremål og problemstilling

Føremålet med denne oppgåva er todelt. For det første skal eg som ferdig utdanna barnehagelærar skal eg ha kompetanse om korleis eg som pedagogisk leiar kan arbeide for at dei yngste barna skal få ein trygg og god start i barnehagen. Eg ynskjer å kunne nytte mine informantar sine erfaringar, kunnskap og tankar vidare i mitt arbeid som komande barnehagelærar. For det andre vil eg gjennom denne studien bidra med kunnskap til forskingsfeltet.

Arbeidet med denne studien har tatt utgangspunkt i følgande problemstilling «Korleis arbeidar pedagogiske leiarar for å gje dei yngste barna ein trygg og god start i barnehagen?». For å kunne svare på denne problemstillinga har eg gjennomført ei kvalitativ intervjuundersøking med fire pedagogiske leiarar.

## **1.3 Nøkkelomgrep**

Eg vil her definere kva eg legg i omgrepa «trygg og god start» og dei «yngste barna» då dette er sentrale omgrep i mi problemstilling.

### **1.3.1 Trygg og god start**

Ein trygg og god start for dei yngste barna i barnehagen er at kvart enkelt barn sitt behov blir ivaretatt den første tida i barnehagen. Det er ein stor overgang frå heim til barnehage for barnet. Trygg og god start handlar difor om å tilpasse slik at denne overgangen opplevast som trygg for barnet, med gradvis nye opplevingar. Det handlar om å skape eit forutsigbart, nært og trygt miljø for barnet i barnehagen.

Tryggleik oppstår når ein blir forstått og tekne på alvor. Ein god overgang frå heim til barnehage vil bidra til at barnehagen blir eit positivt tilskot i barnet sitt liv.

### **1.3.2 Yngste barna**

I fylgje SSB (Statistisk sentralbyrå, 2019) startar barn enno tidlegare i barnehagen no enn før. Dette gjer at vi som barnehagelærarar må ha kunnskap om korleis vi på best mogleg måte kan møte dei yngste barna som skal starte i barnehagen. Eg har valt å sjå på korleis dei pedagogiske leiarane arbeidar for å skape ein trygg og god start for dei yngste barna. Dei yngste barna definerer eg som barn frå 10 månadar til 2 år.

## **1.4 Avgrensing**

Eg har valt å sjå på korleis den pedagogiske leiaren arbeidar for å gje dei yngste barna ein trygg og god start i barnehagen. Eg velde å forske på dei yngste barna på grunnlag av at eg ynskjer å arbeide på småbarnsavdeling etter endt utdanning. Det hadde vore interessant å forske på tilvenning hos eldre barn også, men grunna rammene på oppgåva er ikkje dette mogleg. Pedagogisk leiar vart valt som informantar sidan eg opplev at det er desse som har ansvar for tilvenningane.

Tilvenning er eit omfattande fagfelt med mange interessante tema. På grunnlag av omfanget av oppgåva har eg ikkje moglegheit til å presentere og drøfte alle desse. Det empiriske materialet styrte kva kategoriar eg har velt å fokusere på. Gjennom forskinga mi sat eg igjen med to hovudkategoriar som dei pedagogiske leiarane arbeida med for å skape ein trygg og god start i barnehagen for dei yngste barna. Desse to hovudkategoriane er tilvenning og tilknyting. Under desse to kom det fram

fire arbeidsmetodar som informantane nyttar når dei yngste barna byrjar i barnehagen, desse fire arbeidsmetodane er foreldresamarbeid, primærkontakt, tryggleiksobjekt og tryggleikssirkelen.

## 2 Kunnskapsgrunnlag

I denne delen av oppgåva vil eg gå gjennom kva styringsdokumenta seier om start i barnehagen for dei yngste barna. Vidare vil eg presentere relevant forsking om tilvenning som eg brukar i denne oppgåva. Til slutt vil eg presentere teoretiske perspektiv på problemstillinga mi.

### 2.1 Styringsdokument

Barnehagen sitt samfunnsmandat er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sine behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Styringsdokumenta til barnehagen er barnehagelova og rammeplanen. I rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017) har det no kome inn eit eige avsnitt om når barnet byrjar i barnehagen. Her står det skrive at:

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet byrjar i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den fyrste tida slik at barnet kan oppleve tilhørighet og tryggleik til å leike, utforske og lære.

I min studie kjem det fram at mine informantar vektlegg to hovudkategoriar som er tilvenning og tilknyting. Innanfor desse to kategoriane har dei fire arbeidsmåtar som er foreldresamarbeid, primærkontakt, tryggleikssirkelen og tryggleiksobjekt. Dette ser eg igjen i avsnittet til rammeplanen.

Formålsparagrafen (barnehagelova, 2005, §1), seier ikkje noko om når barnet startar i barnehagen. Men det står skrive at barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Eg ser dette i samanheng med mi problemstilling sidan vi som tilsette må møte kvart enkelt barn med tillit og respekt

ved å gje kvart enkelt barn den tida dei treng for å bli trygg i barnehagen og tilpasse tilvenninga etter kvart einskilt barn sitt behov.

## **2.2 Forsking**

I denne studien har eg gått gjennom aktuell forsking om tilvenning, og valt ut forsking som underbygger mi problemstilling og mine informantar sine utsegn. Føremålet med dette er å kunne datatriangulere funn frå undersøkinga. Datatriangulering handlar om å bruke ulike datakjelder for å kartlegge eit fenomen, noko som vil styrke undersøkinga og funna i denne (Justensen og Nik-Meyer 2010 s. 45.) Eg har totalt nytta 4 forskingsprosjekt i denne studien. Desse vil eg no presentere.

Ebbeck og Yim (2009) gjennomførte ei studie i Australia kor 10 mødre, 3 styrarar og 3 pedagogiske leiarar deltok. Studien såg på deltakarane sine syn på tilknyting, overgangen frå heim til barnehage og primærkontaktsystemet. I undersøkinga viser dei til positive effektar ved å bruke primærkontaktar. Mellom anna opplevast det å skape tryggare relasjonar og betre band mellom tilsette og barn. I tillegg viser undersøkinga til forsking som indikerer at primærkontaktsystemet også har ein positiv effekt på foreldre og tilsette (Ebbeck og Yim 2009).

Eg har også brukt ein modell som vert kalla Jåttåmodellen, som vektlegg foreldra si betyding for barnet si tilvenning (Belland og Moi, 2015). Forskingsprosjektet gjekk ut på å ha foreldre tilstades i barnehagen i minst tre heile dagar. Foreldra har ansvaret for barnet medan det stellast, under måltid, under søvn, leik og under aktivitetar. Primærkontakta i barnehagen er tilstades saman med forelderen, og observer korleis barnet reagerer, og korleis foreldra møter barnet. Dei tilsette i barnehagane opplever at barna fortare blir trygge og perioda opplevast å ta langt kortare tid enn tidlegare med den tradisjonelle tilvenninga. Barna verkar meir fornøgde og gret langt mindre. Dette har klar samanheng med at dei let seg trøste og søker tryggleik hos si primærkontakt i barnehagen. At foreldra får betre kjennskap til barnehagen, dei tilsette, andre foreldre og barn på avdelinga, bidreg til å skape samanheng i barna sine liv, noko som skaper forutsigbarheit og tryggleik for barnet (Belland & Moi, 2015).

«Barnet i centrum» er eit dansk forskingsprosjekt som prøver ut ein ny modell for å sikre ein trygg og god overgang frå heim til barnehagen . Denne modellen gjekk ut på at barn og foreldre kom på besøk til barnehagen en time kvar veke 4-5 månadar før dei skulle starte i barnehagen. Evalueringa av prosjektet er positive. Funn frå forskinga viser at tidleg relatering til barnehagen i samspel med barnet sine foreldre er medverkande for at barnet skal få ein trygg og god start i barnehagen. Forskinga viser også at gjentatte besøk i barnehagen har stor betyding for barnet sine relasjonar med dei tilsette, dei andre barna og dei fysiske rammene (Broström, Hansen,Jensen & Svinth, 2016).

I forskingsprosjektet liten og ny i barnehagen prøvar Trondheim kommune å finne ut meir om kva ein «trygg og god start i barnehagen» tyder i praksis, kva foreldra og dei tilsette kan gjer kvar for seg og saman. Fire barnehagar i Trondheim kommune deltek i prosjektet (Midtsand, Trondheim kommune, 2019). Etter utprøving av modellen for foreldreaktiv tilvenning, der foreldre var aktivt deltagande i alle aktivitetar i barnehagen (leik, stell, måltid, legging og oppvåking), vurderer barnehagane modellen som eit bidrag til oppnåing av større tryggleik for barna i overgangen frå heim til barnehage. Dei tilsette i barnehagen skildrar verdien av å ha foreldra tilstades i barnehagen i fem dagar, både med tanke på å støtte barnet si naturlege tilnærming til eit ukjend miljø, men også med tanke på foreldra si oppleveling av tryggleik til personalet.

## **2.3 Teoretiske perspektiv på problemstillinga**

Tilvenning er eit omfattande tema med mykje aktuell teori som omhandlar mi problemstilling. Eg har valt å ta med tilknytingsteori, fordi tilknyting er ein stor del av tilvenninga i barnehagen. Eg har fokusert på dei teoretikarane som eg ser på som relevant for å kunne svare på mi problemstilling.

### **2.3.1 Tilvenning**

Tilvenning er den prosessen barnet og foreldra er igjennom dei fyrtse dagane når barnet skal venne seg til livet i barnehagen (Fagereng 2015, s.16). Det spesielle med små barn som byrjar i barnehagen, er at dei ikkje kan førebuast på den nye livssituasjonen. Dei kan for eksempel ikkje bruke verbale forklaringar. Det betyr at barna gjennom erfaringar må få oppleve at barnehagen er ein god plass og vere

(Drugli, 2017, s.126). Alle overgangar er krevjande, fordi det å byrje på noko nytt ofte vil vere ei avslutning på noko anna. Når ein eittåring startar i barnehagen, er det som regel ei avslutning på tilværet heime (Abrahamsen, 2013, s. 68).

Drugli, Lekhal og Buøen (2020, s.11) framhevar at å byrje i barnehage er den første viktige overgangen i barna sitt liv. Ein god overgang vil bidra til at barnehagen blir eit positivt tilskot i barnet sitt liv, for eksempel i form av nye gode relasjonar og nye stimulerande erfaringar. Motsett kan ein krevjande overgang skape utryggleik og stress og påføre dei belastingar med negativ effekt både på kort og lang sikt. Dersom det skal bli ein god start i barnehagen, må tilvenningsperioda kvile på fagkunnskap om små barn sitt samspelsbehov. Dei vaksne må ha evne til å ta barna sine perspektiv, og samarbeid mellom dei vaksne, både tilsette og foreldre må vere tilstades. Dei tilsette må vere følelsesmessig tilgjengelege og pålitelege i samspelet med kvart enkelt barn, slik at barnehagen kan fungere som den «andre trygge basen» for barna (Abrahamsen, 2013, s.83). Winnicot (1970) meiner at vi må gje barna verda i små doser. Dette kan vere at vi gir barnet alt det nye i små dosar, det vil sei at vi aukar gradvis opplevelingane for barnet. Han understreker at dosene må ikkje vere for store, for då kan det verte for vanskeleg å fordøye det. Men dosene må likevel vere store nok til at verda utvidast for barna slik at gleda over utforsking og det å ta del i barnefellesskapet kan stimulerast og haldast ved like (Abrahamsen 2013, s.74).

Tryggleik er heilt sentralt for at små barn skal ha det bra. Små barn er berre trygge når dei er saman med vaksne dei kjenner, og når omgivnadane er føreseielege. Det betyr at det å byrje i barnehagen er ein stor overgang. Denne overgangen bør gjennomførast med fokus på korleis ein kan fremje tryggleik for kvart enkelt barn i den nye situasjonen. Små barn er ulike, og alle fortener ei tilvenning til barnehagen som passar dei (Drugli & Lekhal, 2019, s.106).

## **Foreldresamarbeid**

Det å byrje i barnehage er den fyrste viktige overgangen i små barn sine liv. Både foreldre og personalet kan gjer mykje for å kvalitetssikre barnet si tilvenning til barnehagen. Dei bør samarbeide tett i denne perioden (Drugli, 2017, s.126). Foreldra representerer tryggleik for barnet, og dei må overføre tryggleiken frå heim til

barnehage. Foreldra må hjelpe barnet med å bli kjent med minst ein av dei tilsette, med barnehagen sine inne- og uteområde og med nokon av dei andre barna før dei sluttar å vere saman med barnet i barnehagen. Vi må gje barna tid til å venne seg til den nye kvarldagen og vi må møte dei med forståing for at denne overgangen kan vere krevjande for dei (Drugli & Lekhal, 2018, s.106). Foreldra kan seiast å fungere som ei trygg base barnet orienterer seg ut i verda frå. I den trygge basen får dei trøst, kvile og omsorg - i nokre samanhengar kallar ein dette at barnet blir ladda. I tilvenningsperioda er det difor viktig at dei tilsette og foreldra hjelper barnet å danne ei trygg base også her (Fagereng, 2015.s.24).

### **Primærkontakt**

Ei vanleg ordning i arbeidet med å skape ein trygg og god start i barnehagen for dei yngste barna er å nytte primærkontakt. Ein person frå barnehagen som har hovudansvaret for eit barn vert kalla primærkontakt (Fagereng, 2015, s.24). Primærkontakta har ansvar for å fylgje opp barnet og foreldra den første tida. Primærkontakta skal vidare sørge for at barnet blir kjent og trygg i den nye barnehagekvardagen. Heime har barnet hatt ei trygg base i sine foreldre. I denne trygge basa får barna trøyst, kvile og omsorg. Dette kallar Brandtzæg, Torsteinson og Øiestad (2015, s.101) å lade. Når foreldra leverar barnet i barnehagen, «dreg ut ledninga» og dreg på jobb, er det barnet sin primærkontakt som må sette i kontakta igjen slik at lampen kan byrje å lyse igjen (Brandtzæg et al.,2015, s.101).

Drugli, Lekhal og Buøen (2020, s.36) viser til Lene Lind (1990) som er ei av dei som bidrog til å ta i bruk primærkontaktordninga i skandinaviske barnehagar. Ho hevdar at det fremjar tryggleik for små barn å vite kven av dei vaksne som er «deira.» Ved å bruke primærkontakt leggast det til rette for at barna får etablert ein sekundær tilknytingsrelasjon til en eller fleire barnehagertilsette så raskt som mogleg. Bowlby påstår at små barn alltid treng å ha sine primære (som oftast foreldra) eller ein sekundær tilknytingsperson tilgjengeleg for å i det heile tatt kunne ha det bra (Drugli et al., 2020, s.37).

### **2.3.2 Tilknyting**

Eit omgrep som er viktig i tilvenningsperioda er tilknyting. I tilvenninga arbeidar barnehagen og foreldre for at barnet skal skape ei tilknyting til nokon i barnehagen.

Brandtzæg, Torsteinson og Øiestad (2015, s.15) hevdar at det første mange tenkjer på ved tilknyting, er at barn kjenner nærleik og tryggleik ovanfor dei vaksne rundt seg, som når eit barn du er glad i sit på fanget og lener seg godt inntil deg. Dette er ei vesentleg side ved tilknyting. Men tilknyting dreier seg om meir enn gode førelsar. Det handlar like mykje om å hjelpe barn med vanskelege førelsar og å støtte dei i utforsking og leik (Brandtzæg et al., 2015, s.15). Abrahamsen (2013, s.73) skriv at når foreldre går om morgonen, vender dei yngste barnehagebarna seg ofte mot dei vaksne på avdelinga for nærleik og kontakt som utgangspunkt for leik og samspel med dei andre barna. Det er som om dei må ta seg inn igjen, eller finne fotfeste etter at foreldra er gått, før dei kan vende seg mot omverda og barnefellesskapet. Trygg tilknyting handlar om at barnet får gjentekne erfaringar med å bli forstått og møtt på gode og tilpassande måtar av omsorgsgivar. Trygg tilknyting veks fram når barnet erfarer eit samspel som er forutsigbart og der omsorgsgivar møter barnet sitt behov (Drugli et al., 2020, s.33).

Brandtzæg, Torsteinson og Øiestad (2016, s.21) påstår at foreldre er barnet sin nummer 1, og dei vaksne i barnehagen er nummer 2. Når nummer 1 ikkje er tilgjengeleg, blir det av aller størst betyding å ha ein god nummer 2 tilgjengeleg. Eittåringen som byrjar i barnehagen er svært sårbar når det gjeld tryggleik. Barnet sin lampe kan ikkje lyse utan ei kopling til ein voksen i barnehagen. Dersom barnet ikkje har den livsnødvendige tilknytinga og tryggleiken på plass vil det vere vanskeleg med leik, vennskap og læring. Når barnet sine foreldre har gått ut av barnehagen, vil dei minste barna kjenne seg urolege. Det som best kan hjelpe barnet med den uroa og saknet, er den sekundære tilknytingspersonen. Det vesle barnet vil bli lettare stressa og urolege utan ein tilknytingsperson tilgjengeleg (Brandtzæg et al., 2016, s.21).

### Tryggleikssirkelen

Når eittåringen byrjar i barnehage og blir tatt hand om av ukjente vaksne gjennom mange timer kvar dag, så er det ein stor overgang. Eittåringane kan ikkje sette tilknytinga på vent over lengre tid, dei treng ei moglegheit til å utvikle ei sikker hamn og ei trygg base også i barnehagen (Brandtzæg et al., 2016, s.20). Dei fleste barn byrjar i barnehagen ved eittårsalder, og nokon er berre 10-11 månadar. Eittåringen er avhengig av å få knytte seg ordentleg til dei vaksne i barnehagen, og få tid og hjelp til å kjenne seg nær og trygg saman med dei vaksne. Først då vil dei vaksne i

barnehagen i praksis kunne fungere som ladestasjon for barna. Dermed kan ein «sette i kontakta slik at lampen lyser», og det vil kunne vere trygt for barnet å vere i barnehagen utan foreldra (Brandtzæg et al., 2015, s.51).

I nedre del av sirkelen ser vi barnet si avhengigheit og beskyttelsesbehov, altså tilknytingsbehovet. Handa som tek i mot nedst til venstre representerer den sikre hamna i form av ein nær og trygg vaksen som barnet kan få hjelp, trøyst og nærliek hjå når tilknytingsbehovet er slått på. Dette tilknytingsbehovet kan slå seg på dersom barnet slår seg eller at dei har fått litt nærbane med nokon andre som kan opplevast som utrygt. Då søker dei tryggleik og nærliek hos den vaksne. I øvre del av sirkelen ser vi at barnet er sjølvstendig og har ei utforskarrong. Barnet har behov for å erobre og mestre verda. Den øvst handa representerer også den vaksne, men her fungerer handa som ein trygg base for barnet si utforsking (Brandtzæg, Torsteinson og Øiestad, 2015, s.18-19).

### **Tryggleiksobjekt**

Ei god støtte når barnet opplever noko som nytt og ukjent, kan vere å ha med noko som barnet er kjend med frå heimen. Donald Winnicott (1971) introduserte omgrepet tryggleiksobjekt for å skildre den store betydinga som til dømes ein bamse eller ein koseklut kan ha for små barn når dei skal separerast frå foreldra (Drugli, Lekhal & Buøen, 2020, s.37). Fagereng (2015, s.26) hevdar at dette kan vere ting som barnet har knytt seg til heime, og som skapar ein forbindelse mellom heimen og barnehagen. På første tilvenningsdag er det lurt at dei tilsette spør foreldra om barnet har nokon tryggleiksobjekt. På denne måten får dei tilsette vite kva som kan støtte barnet når tida er inne for å ta farvel med mor og far (Abrahamsen, 2013, s.75). Abrahamsen (2013, s.76) viser til Winnicott som påstår at tryggleiksobjekt fungerer som symbol på den kroppslege nærlieken dei har opplevd saman med sine foreldre som har si spesielle lukt, smak og berøringsoppleveling. Tryggleiksobjekta minner barna på det som ikkje er tilstades, men som likevel finnast (Abrahamsen, 2013, s.75). «Huset mitt» er eit tryggleiksobjekt,. Personalelet kan spørje om foreldra kan ta med bilet av barnet, mor og far, søsken, husdyr, favorittleiker, besteforeldre og andre menneske som står barnet nær. Huset representer barnet si trygge base og viser barnet at dette er menneske som alltid vil stå barnet nær. (Fagereng, 2015, s.27) Winnicott hevdar at dersom barnet skal klare å halde det «indre bilet» av

foreldra levande over tid, så må vi vaksne hjelpe dei og vise forståing (Abrahamsen, 2013, s.75).

### **3 Metode**

Dalland (2017, s.52) forklarar metode som reiskapen vårt i møtet med noko vi ynskjer å undersøkje. Metoden hjelper oss å samle inn data. Data er den informasjonen vi trenger til å svare ut undersøkinga. Vi skil mellom kvantitative og kvalitative metodar. Kvantitative metodar har den fordelen at dei gir data i form av målbare einingar. Dei kvalitative metodane tek sikte på å fange opp meininger og opplevingar som ikkje let seg talfeste eller måle. Både kvalitativt og kvantitativt orienterte metodar bidreg på kvar sin måte til ei betre forståing av det samfunnet vi lev i, og av korleis enkeltmenneske, grupper og institusjonar handlar og samhandlar (Dalland, 2017,s.52).

#### **3.1 Val av metode**

I denne studien har eg valt å bruke kvalitativ orientert metode. Eg har gjennomført semistrukturerte intervju med fire pedagogiske leiarar på fire forskjellige småbarnsavdelingar. 2 intervju blei gjennomført i barnehagen kvar dei pedagogiske leiarane jobbar. Eit intervju blei gjennomført på Høgskulen i Volda sine lokalar. På grunn av COVID-19 fekk eg ikkje gjennomført det siste intervjuet som planlagt. Som ei alternativ løysing sendte eg informanten ein e-post med intervjuguiden.

Informanten svarte så på spørsmåla i intervjuguiden via e-post. Eit intervju er bokstaveleg talt eit inter view, ei utveksling av synspunkt mellom to personar i ein samtale om eit tema som opptek dei begge (Kvale og Brinkmann, 2015, s.22). Valet av semistrukturert intervju som metode er på grunnlag av mitt ynskje om dei pedagogiske leiarane sine tankar, kunnskapar og erfaringar omkring temaet tilvenning. Dette er semistrukturert intervju godt eigna til å gi svar på.

Ved gjennomføring av intervju har eg berre data på det informantane seier dei gjer. Noko som vil seie at eg ikkje veit om dette er eigentleg praksis ute i barnehagane. Det ville vere interessant å observere tilvenningsperiodar ute i barnehagane, men dette er ein sårbar situasjon for barna og dei føresette. Eg tenkjer at framande som observerer kan gjere starten i barnehagen enno vanskelegare for barna. Eg har difor vald å ikkje bruke observasjon som metode i denne undersøkinga. Ved å observere

ville eg heller ikkje fått tak i tankane, erfaringane og kunnskapen til dei pedagogiske leiarane. Då ville eg berre sett i praksis korleis dei gjer det, ikkje fått tak i kvifor dei gjer som dei gjer. Difor såg eg på intervju som mest hensiktsmessig i høve mi problemstilling.

Vidare er det vanskeleg å måle god tilvenning då denne varierer frå barn til barn og barnehage til barnehage. Dette gjer det lite hensiktsmessig å bruke kvantitative metodar i denne undersøkinga.

### **3.2 Val av informantar**

Når eg skulle velje ut informantar gjorde eg eit strategisk val. Dette gjorde eg ved å velje personar som har bestemte kunnskapar eller erfaringar innanfor temaet (Dalland, 2017,s.74). Informantane mine er pedagogiske leiarar og arbeidar på småbarnsavdelingar med dei yngste barna. Desse fann eg gjennom kjennskap til barnehagane, og ved å spørje om e-post adressene til dei som arbeida på småbarnsavdelingane. Eg har her valt to informantar frå ei kommune og to frå ei anna kommune. Tre av informantane har mange års erfaring, medan det ikkje er lenge sidan den siste informanten var ferdig utdanna. Eg valte informantar med ulik erfaring og frå ulike kommunar fordi eg ynskjer breidde i mitt utval.

Dalland (2017, s.76) skriv at det kvalitative intervjuet siktar mot å gå i djupet. Då kan ikkje mengda av intervupersonar vere for stort. Gode samtalar med 2-3 intervupersonar kan gje mykje stoff til ei oppgåve. Eg har valt fire informantar ettersom eg kunne kome i ein situasjon der ein av mine informantar hadde eit ynskje om å trekkje seg. Eg ynskja difor ikkje å risikere å sitte att med for lite materiell til å skrive ut oppgåva.

For å få tak i mine fire informantar sendte eg ut e-post til dei pedagogiske leiarane som eg fann tak i på internett. Dalland (2017, s.77) framhevar at i førebuinga av intervju må ein tenkje på korleis ein informerer dei som skal intervjuast slik at dei verkeleg forstår kva det inneberer å delta. Dette gjorde eg ved å legge ved informasjon om temaet og at eg som student var ute etter deira tankar, erfaringar og kunnskap om temaet tilvenning som eg kan dra nytte av vidare. Her la eg også til at informantane sjølv kunne bestemme kvar intervjuet skulle finne stad.

### **3.3 Gjennomføring av intervju**

Eg hadde på førehand av intervjeta utarbeida ein intervjuguide (vedlegg 3). For å kunne utforme ein god intervjuguide måtte eg på førehand setje meg inn i relevant teori om temaet. Denne teorien brukte eg for å utforme spørsmål i intervjuguiden som kunne gje svar på problemstillinga mi. Min intervjuguide inneheldt fire hovudkategoriar for å halde oversikt og for at det skulle vere lettare å kategorisere når eg gjennomførte analysen. Eg stilte opne spørsmål som var ute etter pedagogane sine erfaringar, tankar og kunnskap. Eg hadde også klar nokre tilleggsspørsmål eg kunne spørje om slik eg hadde betre moglegheit til å få svar på det eg var ute etter.

Eg lagde spørsmål på førehand men fylde på med tilleggsspørsmål der eg ville ha djupare svar. Intervjuet var semistrukturert med intervjuguiden som leia meg gjennom intervjeta men intervjeta hadde likevel form som ein samtale.

På førehand av mine tre intervju fekk informantane tilsendt tema og problemstilling. Eg valde å ikkje sende ut intervjuguiden på førehand, på grunnlag av at eg ynskte spontane og ekte svar. Ved å sende intervjuguiden på førehand kunne informantane lese seg opp på teori for å svare på dei spørsmåla eg ville stille. Gjennomføringa av mitt siste intervju vart ikkje slik som dei tre andre på grunn av koronasituasjonen. Ikkje berre vart barnehagane stengde men min siste informant hadde også mykje å gjer med tanke på organisering og arbeid heimafrå. Vi fann difor ut at den beste løysinga var å sende intervjuguiden på e-post til informanten som svarte på spørsmåla og sendte i retur. Eg opplyste også her om at eg ikkje hadde eit ynskje om at ho skulle lese seg opp på førehand då eg ville ha spontane og ærlige svar også på dette intervjuet.

Kvale og Birkmann (2015,s.156-157) skriv at semistrukturerte intervju er prega av openheit når det gjeld endringar i rekkefølge og formulering av spørsmål. Dette var noko eg opplevde i mine intervju. Rekkefølga av spørsmåla blei ikkje den same då eg av og til følte det passa med eit spørsmål som skulle kome seinare sidan informanten allereie var inne på dette. Eg opplevde også at informantane svarte på spørsmål som skulle komme på eit seinare spørsmål. Desse spørsmåla spurde eg

ikkje opp igjen seinare då eg allereie hadde fått svar på desse. Ved å gjennomføre dei tre første intervjuet ansikt til ansikt opplevde eg at ved å få med den non-verbale kommunikasjonen kunne eg spørje oppfølgingsspørsmål eller formulere meg annleis om dei såg skeptiske ut.

Eg starta intervjuet med å spørje spørsmål om daglegdagse tema for å dempe nervøsitet både hos meg og for informanten. Her spurde eg spørsmål som eg var sikker på at informantane kunne svare på utan særleg ettertanke. Dalland (2017, s.83) påstår at dette kan hjelpe til å skape ein driv over samtalen. Spørsmåla eg spurde her handla blant anna om deira erfaring og bakgrunn innanfor barnehageyrket. Eg opplevde også at vi på denne måten blei betre kjend og tryggare i rollene våre. Til slutt i intervjuet spurde eg informantane om dei hadde noko å tilføye. Dette for å sørge for at dei ikkje satt igjen med noko viktig dei hadde eit ynskje om å fortelje. Dette er ein måte å vise intervjupersonen respekt på, og markere kven som er eksperten (Dalland, 2017, s.83)

Eg opplevde at intervjuet gjekk bra. Noko eg skulle ynskje var annleis var at eg fekk gjennomføre det siste intervjuet ansikt til ansikt. Men dette var ein situasjon som eg sjølv ikkje kunne styre. Eg fekk erfaring med å intervju andre, og eg fekk ta lærdom av deira kunnskap, erfaringar og tankar rundt temaet tilvenning.

### **3.4 Transkribering**

Med ein gong eg hadde gjennomført eit intervju satt eg meg ned å transkriberte dei, dette for å få med alt som vart sagt. Dalland (2017, s.88) skriv at ein vanleg måte å tilarbeide intervju på, er å skrive ned ord for ord det som er sagt. Dette vert kalla transkribering. Dette var ein prosess som var tidkrevjande men som eg har sett nytta av å gjere. Når spørsmål og svar blir til tekst er det lett at vi mister noko. Vi har ikkje lenger nyansane i stemmene, mimikken i ansiktet og kroppsspråket. Eg opplevde at medan eg skreiv ord for ord hugsar eg ting som skjedde og ansiktsuttrykk, dette var ting som eg noterte ned medan eg transkriberte.

Medan eg transkriberte høyte eg på lydopptaka med øreproppar. Dette gjorde eg for å stengje ute støy frå omgivnadane og for å vere påkopla for å få med meg alt. Eg starta og stoppa, spola tilbake, for å sikre at eg fekk med nøyaktig det som hadde

vorte sagt. Dette var ein tidkrevjande prosess, men opplevde denne som svært nyttig når eg skulle byrje på analysen.

### **3.5 Kvalitet av studien**

I dette kapittelet vil eg presentere reliabiliteten, validiteten og generaliseringa av denne studien. Eg vil også gå inn på analyse og transkribering av intervjeta då dette kan påverke kvaliteten på studien eg har gjennomført. Ingen metode er feilfri, og det er viktig å vere kritisk og reflektere over eiga metode og eigne innsamlingsstrategiar (Bergsland og Jæger, 2016,s.80). Metodekritikk handlar om reliabilitet og validitet, generalisering og etiske utfordringar. Eg har gjennom min prosess prøvd å vere reflektert for å sørge for å ta gode val under prosessen.

#### **3.5.1 Reliabilitet, validitet og generalisering**

Reliabilitet kan i kvalitative studiar knytast til spørsmålet om truverdigheit. Dette handlar om forskinga utførast på ein tillitsvekkande måte, om kor påliteleg datamaterialet er, korleis det samlast inn, og korleis det tilarbeidast, analyserast og tolkast (Bergsland og Jæger, 2016, s. 80). I intervju ligg det ei mogleg feilkjelde i sjølve kommunikasjonsprosessen som kan påverke reliabiliteten, har intervjugersonen oppfatta spørsmålet mitt riktig? Har eg som intervjeta forstått svaret riktig? Det kan vere vanskeleg å få med alt i intervjuet. Eg var klar over at ved å velje intervju som metode så kunne informantane svare korleis dei ynskte å arbeide med tilvenning i staden for korleis dei eigentleg arbeida med tilvenning. Det kunne styrka reliabiliteten dersom eg hadde observert praksisen i barnehagen.

Sidan intervjuet med informant 4 blei annleis enn dei andre kan dette også ha påverka svara til informanten. Ho fekk tilsendt intervjuguiden på mail, noko som kan ha påverka hennar svar med at ho kunne ha lest seg opp på temaet medan ho svarte. Eg opplevde likevel ærlege og spontane svar. Det var også vanskeleg for meg å vite om informant 4 hadde forstått spørsmåla riktig.

Validitet handlar om kor godt eller relevant data representerer fenomenet som skal undersøkast. Vidare handlar validitet om i kva grad resultata er gyldige for det utvalet og det fenomenet som er undersøkt (Bergsland & Jæger, 2016, s.80). Det er viktig at spørsmåla bidreg til å svare på problemstillinga (Dalland, 2017, s.60). I den

anledning gjennomførte eg to pilotintervju. Her prøvde eg ut spørsmåla i intervjuguiden på to kjende barnehagelærarar. Føremålet med dette var å få tilbakemeldingar frå desse om dei forstod spørsmåla. Etter pilotintervjua formulerte eg nokre av spørsmåla annleis for at det skulle vere mindre sjans for misforståingar.

I denne oppgåva har eg datatriangulert funna i undersøkinga med forsking om tilvenning. Datatriangulering styrkar funna i ei undersøking (Justensen og Mik-Meyer 2010 s. 45). Dette styrkar reliabiliteten ved å gjere funna meir truverdige. Samstundes styrkar det validiteten ved å gjere funna meir gyldige ved å samanlikne dei med funn i andre studiar med andre utval.

Ein faktor som kan ha påverka svara til informantane er nervøsitet. Eg opplevde meir nervøsitet før det første intervjuet, men etterkvart som tida gjekk vart eg tryggare og tryggare i rolla som intervjuar. Ei feilkjelde kan vere transkripsjonen, dette er noko eg har vore oppteken av og nøyaktig med. Det kan vere at intervupersonen misforstod spørsmålet, og at eg dermed noterer svaret unøyaktig eller at meiningsinnhaldet endrast ved reinskriving. Gjennom transkriberinga har eg tilstreba for å få ei nøyaktig gjengiving av det som vart sagt av informantane. Informant 3 etterspurte intervjuguiden på førehand då ho hadde eit ynskje om å vite kva som skulle møte ho dagen etter. Eg sende difor henne intervjuguiden kvelden før intervjuet, dette for å trygge informanten på kva som møtte ho under intervjuet.

Befring (2015, s.54) hevdar at ved bruk av kvalitative metodar er forskaren sjølv «hovudinstrumentet» ved observasjonar og kvalitative intervju. Eg som forskar har forventningar og forutinntatte oppfatningar som kan forstyrre persepsjonen og redusere validiteten av data. I arbeidet med transkripsjonen må eg som lesar vere sjølvkritisk og tolkar. Eg må også vere klar på kva som er mine eigne tolkingar, og kva som er deltakaren sine tolkingar av sine eigne handlingar. Vidare må eg vere klar over kva som er deltakaren sine utsegn, og kva som er mine tolkingar av desse. Dette må eg også gjere tydeleg for deg som les, slik at du kan vurdere pålitelegheita sjølv. For å styrke påliteligheita til undersøkinga har rettleiar gått gjennom og kvalitetssikra intervjuguiden før intervjugjennomføringa.

Generalisering vil i kvalitative studiar handle om overførbarheit. Sjølv om tolkingane er basert på ei enkelt undersøking, kan den også gjelde i andre samanhengar (Bergsland & Jæger, 2016, s.80). I kvalitative studiar har ein eit lite utval. Målet med denne studien er ikkje å finne ut kva som gjeld for mange barnehagar. Eg ynskjer å gå i djupna for å få tak i mine informantar sine tankar, erfaringar og kunnskapar. Det er opp til leseren å vurdere om dette kan overførast. Men eg trur at denne studien kan ha ein verdi for andre som les den.

Generalisering er at resultat frå ei undersøking med stor sannsyn også gjeld for heile populasjonen av barnehagar (Dalland, 2017, s.147). Mi undersøking kan i liten grad generaliserast då tilvenning er ulikt frå barnehage til barnehage, og mellom kvart einskilt barn.

### **3.5.2 Analyse av data**

For å tilarbeide datamaterialet eg hadde samla inn gjennom intervjuet gjekk eg i gang med analyseprosessen. Analysen skal hjelpe oss til å finne ut kva intervjuet har å fortelje (Dalland, 2017, s.87). Arbeidet med å få oversikt over data inneberer også å tenkje over kva dei tyder og kva perspektiv dei kan forståast på. Ei god analyse er opne for ulike fortolkingar. Ein del av kvalitetskontrollen er å stadig veksle mellom analyse og tolking (Dalland, 2017, s.88).

Når eg starta analysedelen starta eg med å minne meg sjølv på kva problemstillinga mi er. Når transkriberinga var ferdig måtte eg setje meg ned og prøve å forstå kva informantane meinte på dei ulike svara, ikkje berre tenkje det som er naturleg for meg at dei meinte. Min analyseprosess starta allereie i transkriberingsprosessen, då eg allereie her såg kva som var likt og kva som var ulikt mellom svara til informantane.

Deretter sette eg opp ein tabell med dei ulike tema som eg tok opp under intervjuet. Eg skrev så opp kva kvar enkelt informant svarte på kvar enkelt tema. På denne måten kunne eg markere kva som var likt og kva som skilte seg ut i svara. Befring (2015, s.113) kallar ei slik analyse impresjonistisk analyse, som passar best når materialet er avgrensa. Dette var ei analyse som var relevant for mi undersøking med fire informantar. Gjennom analyseprosessen veksla eg på å sjå på heilskapen og mindre delar av intervjuet.

### **3.5.3 Forskingsetiske vurderingar**

Dalland (2017, s.236) skildrar forskingsetikk som eit område av etikken som har med vurdering i forhold til samfunnet sine normer og verdiar. Vurderinga omfattar alle sider ved forskinga. Forskingsetikk handlar ikkje minst om å ivareta personvernet og sikre at dei som deltek i forsking ikkje blir påført skade eller unødige belastingar.

Informantane fekk tilsendt samtykkeskjema på e-post før gjennomføring av intervjuet. Dette måtte dei skrive under på for å kunne delta i prosjektet (vedlegg 1). Her inneheldt det informasjon om at informantane når som helst kan trekke seg utan å gi noko årsak, og at all informasjon frå intervjuet vil anonymiserast. Eg måtte ha to ulike formar for samtykkeskjema då det siste intervjuet blei annleis enn dei tre første (Vedlegg 2).

Etter tre intervju sat eg igjen med tre lydopptak på mobiltelefonen min som var låst med kode. Eg hadde kode og passa på at ingen hadde tilgang til telefonen i denne perioden. Når eg hadde fått transkribert intervjuet blei lydopptaka på mobiltelefonen sletta. Dei transkriberte intervjuet ligge inne på mi eiga datamaskin som er sikra med eit hemmeleg passord. Dette vil bli sletta når oppgåva er levert og vurdert. Før intervjuet fekk eg som nemnt tidlegare underskrift på samtykkeskjema. Her blei det presisert at intervjupersonane når som helst kan trekkje seg, utan noko grunngjeving. Dette var også noko eg informerte om munnleg, noko eg opplevde at informantane opplevde som tryggande.

I denne oppgåva brukar eg fiktive namn på både barnehagar og personar. Dette for at det ikkje på noko som helst slags vis kan identifiserast kven som har vore informantar. Når datamaterialet er anonymt, er det ikkje mogleg å knytte enkeltpersonar opp mot opplysningane (Dalland, 2017, s.239). Eg var også opptatt av å sikre at informantane hadde tillit til at eg som student har teieplikt om opplysningane eg fekk gjennom mine intervju. Prosjektet mitt vart godkjent av NSD, og eg har gjennom heile prosessen følgt deira retningslinjer.

## **4 Presentasjon og drøfting av data**

Gjennom analyseprosessen kom eg fram til to hovudkategoriar: tilvenning og tilknyting. Innanfor desse har eg løfta fram fire arbeidsmetodar som mine informantar

arbeidar utifrå for at dei yngste barna skal få ein trygg og god start i barnehagen.

Desse fire arbeidsmetodane er skildra i tabellen under:

Hovudfunn	Arbeidsmetode	Arbeidsmetode
Tilvenning	Foreldresamarbeid	Primærkontakt
Tilknyting	Tryggleiksobjekt	Tryggleikssirkelen

Tabell 1: Arbeidsmetodar knytt til tilvenning og tilknyting i barnehagane sitt arbeid ein trygg og god start i barnehagen.

Vidare i denne delen av oppgåva vil eg drøfte dei pedagogiske leiarane sine tankar om tilvenning og tilknyting med tilhøyrande arbeidsmetodar i arbeidet med å gje dei yngste barna ein trygg og god start i barnehagen. Desse tankane vil eg drøfte opp mot relevant teori.

#### 4.1 Tilvenning

Alle fire informantane var tydelege på at tilvenning er eit viktig tema i arbeidet med dei yngste barna i barnehagen. Tilsette i barnehagen må ha kunnskap om tilknyting og tilvenning for å kunne gje barna ein trygg og god start i barnehagen. Informant 4 fortalte at tilvenninga legg eit viktig grunnlag for korleis tida i barnehagen kan verte vidare. Dette kan ein sjå opp mot det Drugli, Lekhal og Buøen (2020, s.11) påstår. Dei framhevar at ein god overgang vil bidra til at barnehagen blir eit positivt tilskot i barns liv, for eksempel i form av nye gode relasjonar og nye stimulerande erfaringar. Motsett vil ein krevjande overgang kunne skape utryggheit og stress ved barna og påføre dei belastingar med negative effektar både på kort og lang sikt (Drugli et al., 2020, s.11). Vi som arbeidar i barnehagen med dei yngste barna har ein viktig jobb med å arbeide for at barnet skal få ein god start i barnehagen. Ved at barnet opplever ein trygg og god start, vil barna lettare takle overgangar seinare i livet.

Informant 4 fortel at i starten er barnet i barnehagen berre nokre timar om dagen og opplever litt av alt det nye saman med foreldra. Dei tilsette i barnehagen oppmodar foreldre om å gi barnet kortare dagar også i tida etter tilvenningsdagane dersom dei har moglegheit til det. Dette knyt eg opp mot det Winnicott (1970) kallar «verda i små doser.» Eg tenkjer at det er mange inntrykk for eit barn som byrjar i barnehagen, og at vi som arbeidar i barnehagen alltid må ha barnets beste i hovudet. Vi kan bidra til

at barnet får ein trygg og god start ved å gje små doser med alt det nye, slik at barnet får den tida det treng for å bli kjent i den nye kvardagen.

I alle fire intervjua kom det fram at barnehagane har endra måten å arbeide på når eit nytt barn startar i barnehagen. Informantane ser at mange barn treng lengre tid til tilvenning enn dei tre dagane som har vore sett av. Tre av informantane fortel at dei ikkje lenger nyttar berre tre dagar når dei har tilvenning i barnehagen. Den siste informanten fortel at dei nyttar tre dagar enno, men at dei ser an barnet sitt behov og tilpassar difor kvart enkelt barn. Forskinga «barnet i centrum» (Broström, Hansen, Jensen & Svinth, 2016), viser at ved at barna får lenger tid med gjentekne besøk i barnehagen er medverkande for at barna skal få ein trygg og god start i barnehagen. Noko som kan sjåast i samanheng med det mine informantar fortel.

Informant 1 fortel at i fjor løyste dei tilvenninga på ein ny måte ved å arrangere besøksdagar. Foreldra var aktivt deltagane i barnehagekvardagen. Ut frå forskinga liten og ny (Midstsand, Trondheim kommune, 2019) ser ein at foreldreakтив tilvenning, der foreldre har hovudansvaret for sitt barn i barnehagen i minimum fem dagar. Dei gav barnet sitt mat, leika med det og blei kjent med dei vaksne. Både for foreldre og dei tilsette var desse dagane nyttige, fordi dei fekk danne ein relasjon i trygge omgivnadar i samspele med kvarandre. Informant 1 fortel at dei tilsette fekk tilbakemeldingar frå foreldre om at dette skapte tryggleik ved å allereie ha møtt dei tilsette, og ved å ha kjennskap til kva barnet skal oppleve gjennom ein barnehagekvardag. Dette framhevar også Drugli, Lekhal og Buøen (2020, s.89). Dei tilrår varmt ein tilvenningsmodell med fleire besøk før barnehagestart for alle nye barn og foreldre. Det er ei ordning som ikkje krev så mykje dersom besøksdagane organiserast godt, samstundes som den ser ut til å ha stor verdi for alle partar (Drugli et al., 2020, s.89). Eg opplever at i barnehagen til denne informanten så har dei sett at overgangen frå heim til barnehage har vorte tryggare og betre etter denne endringa. På grunnlag av dette ynskjer dei å fortsette med denne praksisen.

Eg spurde informantane om kva dei tenkjer kan vere grunnen til desse endringane av praksisen i barnehagen. Informantane svarte at dei tenkjer dette er på grunn av meir faglitteratur, forsking på dei yngste barna og rammeplanen som no har eit eige kapittel knytt til når barnet byrjar i barnehagen. Barnehagane har tileigna seg meir

kunnskap om dei yngste barna i barnehagen, og har på denne måten klart å formidle vidare dette til foreldre. Informant 2 fortalte blant anna at dei hadde boka liten begynner i barnehagen av Drugli (2017) som dei deler ut til foreldre når eit nytt barn byrjar i barnehagen. Dette for å gje foreldre kunnskap om kor viktige dei er i tilvenningsperioda.

#### **4.1.1 Foreldresamarbeid**

Ein viktig faktor for at dei yngste barna skal få ein trygg og god start i barnehagen er foreldresamarbeidet. Alle mine fire informantar seier at eit godt foreldresamarbeid er avgjerande for om barnet får ein trygg og god start i barnehagen.

Informant 4 fortel at foreldre er ein viktig ressurs og at barnehagen er avhengige av dei for å kunne lukkast med at barnet får ein god overgang til barnehagen. Ho fortel vidare at det er pedagogane sin jobb å bruke foreldra som ein ressurs for at barnet får bli kjent med alt det nye. Drugli (2017, s.104) skriv at det er barnehagen som har ansvar for å etablere eit godt samarbeid med foreldre. Ho skriv vidare at det er funne samanheng mellom eit positivt foreldre-personale samarbeid og kvaliteten på relasjonane mellom barn og personalet. Det vil sei at dersom vi i barnehagen klarer å skape ein god relasjon til foreldre så vil det også betre kvaliteten på relasjonen med barnet.

Alle informantane nemnte at trygge foreldre er avgjerande for at dei yngste barna skal få ein trygg og god start i barnehagen. Foreldre som er trygge på at barnehagen er ein trygg stad å vere, vil overføre dette til barna. Alle informantane fortel at dei sender ut velkomstbrev når foreldra har svart ja til barnehageplassen. Dette brevet inneholder informasjon om tilvenningsprosessen, at det er individuelt kor lang tid kvart enkelt barn treng til å bli kjent, informasjon om avdelinga og dei tilsette. Informant 4 fortel at foreldra fyller ut eit skjema om barnet og tilvenningsperioda. Fagereng (2015, s.18) fokuserer på nokre viktige rammelektorar som er avgjerande for barnehagen å vite. Dette er rammelektorar som kan førebu dei tilsette på å kunne ta i mot det nye barnet. Ved å informere og tydeleggjere foreldra si rolle i tilvenningsprosessen kan personalet legge til rette for at foreldra aktivt støttar sitt eige barn i denne prosessen (Drugli & Lekhal, 2018, s.106). Eg ser at mine informantar startar med denne

prosessen allereie i informasjonsskrivet, der dei førebur foreldra på kva som skal skje i tida framover.

Jåttåmodellen vektlegg foreldra si betyding for barnet si tilvenning. Foreldra er tilstades med barna i minst tre heile dagar i barnehagen. Her har foreldra ansvaret for barnet ved måltid, under stell, søvn, leik og under aktivitetar. Primærkontakta i barnehagen er tilstades saman med forelderden og primærkontakta observerer. Etterkvart som barnet blir kjent med tilknytingspersonen, overtek denne meir og meir omsorga for barnet (Belland og Moi, 2015). Denne forskinga ser eg i samanheng med det informant 1 fortalte om korleis dei organiserte tilvenninga førige år:

I fjar hadde vi ei omlegging i barnehagen som gjor at denne avdelinga stod heilt tom. Det vil sei at vi hadde ti nye 1 åringar som skulle starte, den yngste var 10 månadar og eldste 1 år og 2 månadar. Vi byrja då med ei ny tilvenningsprosedyre som vi skal fortsette med. Vi arrangerte besøksdaga der foreldre og barn kom til avdelinga, foreldra måtte vere deltagande i det daglege arbeidet, dei var med å lage mat, leika, deltok i stell på eige barn. Dette gjor vi får å trygge både barn og foreldre på korleis barnehagedagen fungerer. Dette var noko som vi opplevde som veldig positivt. Når dagen barna skulle starte i barnehagen kom, var barna allereie litt trygge og det var lettare for oss å sette i stikkontakta når foreldra drog på jobb.

Eg tolkar dette som at barnehagen opplevde at denne måten å organisere tilvenning gav tryggare barn og ein lettare overgang når dagen barna skulle starte i barnehagen kom, difor vel dei å fortsette med denne organiseringa.

Informantane 2,3 og 4 fortel om utfordringar som at foreldra ofte ikkje går etter å ha sagt hade. Informant 2 har opplevd foreldre som snik seg ut av døra fordi dei ikkje ynskjer at barnet skal skrike når dei går. Ho har løyst dette ved å prate med foreldra og forklart situasjonen. Ho seier at det er meir behageleg for forelderden å gå ut døra når barnet er blid, fornøgd og oppteken i leik. Men det blir eit sjokk for barnet å plutselig oppdage at forelderden er vekk. Niss (2018, s.63) hevdar at under tilvenninga kan det oppstå situasjoner som ein opplever å måtte snakke saman med foreldra om. En samtale kan vere ein fin måte å formilde korleis ein opplever det som skjer, og forstå kvifor ein i blant har ulike syn på det. Mange foreldre har barn i barnehagen for første gong, noko som vi som pedagogar også må ha forståing for.

Informantane forklarte at utfordringane dei har møtt på i foreldresamarbeid har løyst seg ved å snakke saman. Drugli (2017,s.111) viser at mange foreldre er opptatt av at barnehagen er ei ny «verd» for dei, og at dei i liten grad veit korleis ting foregår. Ei felles avklaring av forventingar og kva samarbeidet vil omfatte, er difor å tilråde når nye foreldre kjem til barnehagen. Dette arbeidet kan starte allereie i informasjonsskrivet til foreldre.

#### **4.1.2 Primærkontakt**

I mine intervju kjem det fram at alle fire informantane nyttar primærkontakt når eit nytt barn startar i barnehagen. Dette meiner dei er ein måte å arbeide på for å skape ein trygg og god start i barnehagen for dei yngste barna.

Informantane fortel at dei vel å ha ei slik ordning for å sikre at kvart enkelt barn blir sett og hørt kvar dag og for å fordelle ansvaret på personalet. Det er trygt for barnet å ha ein vaksen å forhalde seg til i starten.

Alt det nye i barnehagekvardagen gjer barnet i lag med foreldra sine og primærkontakta si. Å vere inne i barnehagen for fyrste gong, fyrste gong ein skriftar bleie, fyrste gong dei et, fyrste gong dei er ute å leikar, fyrste gong dei skal sove osv. Når barna utforskar alt dette nye har dei foreldra sine som ei trygg havn og ein nødvendig ladestasjon... (informant 4)

Det kan vere utfordrande for barn å kome i barnehagen der alt er nytt. Det er mange nye vaksne og barn som barnet skal bli kjent med. Ved å bruke primærkontaktordninga så får barnet ein vaksen å forhalde seg til i starten, noko som kan opplevast som trygt for barnet og foreldra. Primærkontakta får også tid saman med foreldra for å lære barnet å kjenne. På denne måten vil primærkontakta lære å sjå kva behov barnet har. Ved å sjå på foreldre kan primærkontakta sjå rutinar og ritual barnet er vand med heimafrå.

Drugli (2017, s.130) viser til ei intervjuundersøking gjennomført av Drugli og Undheim (2012) Her kjem det fram at foreldre vurderte at tilvenninga fungerte best når barnehagen hadde ei ordning med primærkontakt eller kontaktperson i tilvenningsperioda. Dette er i tråd med mine informantar sine erfaringar.

Bruken av primærkontakt har også positive erfaringar frå internasjonal forsking på tilvenning. I undersøkinga til Ebbeck og Yim (2009) frå Australia var alle mødre og

tilsette i barnehagen positive til primærkontaktsystemet. Positive effektar av å bruke primærkontaktar opplevast å vere tryggare relasjonar og betre band mellom tilsette og barn. I tillegg viser undersøkinga til forsking som indikerer at primærkontaktsystemet også har ein positiv effekt på foreldre og tilsette (Ebbeck og Yim 2009).

Alle informantane opplever at samansetninga av personalgruppa medfører utfordringar knytt til gjennomføringa av primærkontaktordninga. Det kan for eksempel vere utfordrande når primærkontakta blir sjuk eller av andre grunnar ikkje er tilstades etter barnet har danna ein relasjon med vedkomande. Barnehagertilsette i Australia fortel om liknande utfordringar i studien til Ebbeck og Yim (2009). Ei slik utfordring er bruken av personalet som primærkontaktar. Faktorar som dei tilsette sin kompetanse, kvalifikasjonar og stillingsprosent vil påverke kven som er best eigna til rolla som primærkontakt. Dette kan skape utfordringar knytt å gjennomføre primærkontaktsystemet i praksis (Ebbeck og Yim 2009). Eg tenkjer at sjukdom ikkje er noko vi kan forutsjå, men vi kan gjerne tenke at ein føresetnad for å vere primærkontakt er at ein har full stilling. Slik vil barnet oppleve at den trygge vaksne er der når barnet sjølv er i barnehagen.

Alle barnehagertilsette i studien til Ebbeck og Yim (2009) opplever at primærkontaktsystemet til tross for dei nemnte utfordringane styrkar kvaliteten på tilvenningsperioden. Eg opplever at sjølv om mine informantar opplever at primærkontaktordninga kan ha sine utfordringar, er det likevel ei ordning dei ser viktigheita av å bruke i barnehagekvardagen for at dei yngste barna skal få ein trygg og god start i barnehagen. Eg som barnehagelærar ser også utfordringane, men tenkjer dette er ei svært viktig ordning for at barna skal få venne seg til den nye barnehagekvardagen med ein trygg voksen den har danna relasjon med.

«Av og til fordelar eg fyrste møtet med barnet på pedagogisk leiar og barnehagelærar, og etter kvart i prosessen fordelar eg kven som vert primærkontakt vidare når ein ser kven barnet søker til» (informant 4). Eg ser viktigheita av at barnet får oppsøke den voksne den vil, og at dersom det er ein annan en primærkontakta så er ein fleksible og kan bytte. Ved å bestemme kven primærkontakta er på førehand läser ein også litt kven barnet skal vere saman med. Informant 2 fortel at dei har

bytta primærkontakt undervegs. I praksis så er ikkje det alltid den relasjonen mellom barn og primærkontakt blir slik vi ynskjer, dette kan vere av ulike årsaker. Det kan vere at barnet finn ein annan voksen meir attraktiv, eller at den som er sett til primærkontakt er usikker i rolla. Dersom ein som voksen er usikker i rolla, vil dette kunne smitte over på barnet.

## 4.2 Tilknyting

For å gje dei yngste barna ein trygg og god start i barnehagen, er dei avhengig av trygge og nære voksne. Alle mine fire informantar meiner at det viktigaste for eit barn som skal byrje i barnehagen er å skape ein relasjon med minst ein voksen i barnehagen. Eg ser at dette heng saman med teori om trygg tilknyting. Trygg tilknyting handlar om at barnet får gjentekne erfaringar med å bli forstått og møtt på gode og tilpassande måtar av omsorgsgivar (Drugli et al., 2020, s.33). Dette må vi i barnehagen arbeide for at barna får danne med minst ein voksen i barnehagen, vi må vere tilstades å lese barna sine behov å møte dei.

Når eg spurde informantane kva dei ser på som teikn på tryggleik ved dei yngste barna i barnehagen fekk eg svar som: barna smilar, har eit avslappa kroppsspråk, utforskar. Informant 4 forklarte at ho ser at barnet er trygt når barnet slepp foreldra sine og kjem i fanget til personalet, eller legg seg inntil dei voksne og klappar med handa si på ryggen deira. Ho fortel at dette er eit godt augeblikk for både barn, tilsette og foreldre. Tryggleik er heilt sentralt for at små barn skal ha det bra. Drugli og Lekhal (2019, s.106) påstår at små barn berre er trygge når dei er saman med voksne dei kjenner, og når omgivnadane er føreseielege. Små barn er ulike, og alle fortener ei tilvenning som passar dei. Vi må difor gje kvart enkelt barn ei tilvenningsperiode som gir barnet nok tid. Blant anna tid til å kunne danne relasjon med ein voksen, og tid til å bli trygg på alt det nye. For vi som arbeidar i barnehageyrket ynskjer barn som smilar, ler, utforskar og som veit at vi voksne er her når dei treng oss.

### 4.2.1 Tryggleiksobjekt

Eit tryggleiksobjekt er eit objekt som er barnet si tryggleik i ein ny kvardag. Informant 3 fortel at dei brukar å etterspørje informasjon om kva barnet treng når det skal sove eller roe seg ned, for eksempel kosedyr eller smukk. Dei finn gjerne ro når dei har eit

tryggleiksobjekt. Ho legg vekt på at dette er viktig informasjon for at barnet skal få ein trygg og god start. Ved å etterspørje denne informasjonen, får dei tilsette vite kva som kan støtte barnet når tida er inne for å ta farvel med mor og far (Abrahamsen, 2013, s.75). Noko som kan vere ulempa ved eit tryggleiksobjekt som smukk, kosedyr, teppe, eller andre ting som barnet har knytt seg til kan vere dersom dette blir gløymt heime, eller i barnehagen. Da kan barnet ha problem med å roe seg ned utan tryggleiksobjektet.

«Huset mitt» er eit tryggleiksobjekt. Personalet kan spørje om foreldra kan ta med bilet av barnet, mor og far, søsken, husdyr, favorittleiker, besteforeldre og andre menneske som står barnet nær (Fagereng, 2015, s.27). Informant 2 fortel at dei har nytta hus i barnehagen, der barnet er avbilda saman med nærmeste familie. Husa heng i barna si høgde, slik at dei sjølve kan ta det ned når dei ynskjer det. Winnicott hevdar at dersom barnet skal klare å halde det «indre bilet» av foreldra levande over tid, så må vi vaksne hjelpe dei og vise forståing (Abrahamsen, 2013, s.75). Eg har sjølv sett i verkelegheita nytta av desse husa. Når barn har vore urolege i løpet av dagen har dei sjølv teke ned sitt hus og peika på mamma og pappa. Når vi vaksne har snakka med barna om det som er på biletet er det som om barna finn ro. Noko som kan vere utfordrande ved å nytte hus i barnehagen kan vere barn som ikkje skal bli avbilda, pga. skjult adresse. Utfordringar kan også vere at foreldre ikkje kjem med bilet til barnehagen, og barnet kan oppleve at alle andre har bilet og hus i barnehagen men ikkje ein sjølve.

Det er ikkje berre fysiske objekt som kan hjelpe eit barn som opplever ein tøff avskjed (Fagereng, 2015, s.25).

Det er mange foreldre som kjem til barnehagen og er litt fortvila over at dei ikkje har fått barnet sitt til å sove berre en gang for dag. Dei er bekymra for at dette blir vanskeleg i forhold til rutinane i barnehagen. Ho fortel vidare at dei tilsette i barnehagen må fortelje til foreldra at dei fyljer rytma til barnet og deira rutinar når barnet starter i barnehagen (informant 2).

Rutinar er også noko informant 4 vektlegg er viktig for at dei yngste barna skal få ein trygg og god start i barnehagen: «Eg tenker det viktigaste for dei yngste barna som byrjar i barnehagen er gode rutinar som bygg på det barna er vande med heimanfrå, kva mat dei er vande til, stell og søvn osv» (informant 4). Dette ser ein også igjen i

det Winnicott påstår, at tryggleiksobjekta fungerer som symbol på den kroppslege nærliken barna har opplevd saman med foreldra som har si spesielle lukt, smak og berøringsoppleveling (Abrahamsen, 2005, s.67). Dette gjer dei tilsette i barnehagen ved å oppretthalde rutinar og ritual som barnet opplever heime. Dei held fast på noko som barnet kan oppleve som trygt, og gradvis aukar endringane i takt med barnet sine behov. Dette kan vere måten å legge eit barn på for eksempel, barnet er vand med å bli haldt i handa medan det finn ro i vogna. Denne måten å sovne på ser barnet på som gode opplevelingar med nærliek og varme, ved at vi prøver å gjenskape dette kan barnet sjå på det som trygt og godt.

#### **4.2.2 Tryggleikssirkelen**

Alle fire informantane kommenterte i løpet av intervjuet at dei nyttar tryggleikssirkelen når dei yngste barna startar i barnehagen. Dei fortel at dette verktøyet hjelper dei med arbeidet med tilknyting når eit nytt barn startar i barnehagen. «Vi har tryggleikssirkelen som vi tek utgangspunkt i, og den er veldig tydeleg i tilvenningsprosessen og den fyrste tida for barnet i barnehagen» (informant 2). Ved å nytte tryggleikssirkelen som verktøy kan ein tilegne seg kunnskap om dei yngste barna sine behov i ulike situasjonar som er vanlege i barnehagekvarden.

Dei fleste barn byrjar i barnehagen ved eittårsalder, nokon er berre 10-11 månadar. Eittåringen er avhengig av knytte seg ordentleg til nokon av dei tilsette i barnehagen. Barna treng tid og hjelp til å kjenne seg nær og trygg saman med dei vaksne. Først når barnet er trygt på ein voksen, vil den voksne fungere som ein ladestasjon for barnet (Brandtzæg et.al., 2015, s.51). Informant 2 fortel om barna som er ute å utforskar omgivnadane, når dei slår seg eller har fått nærbarnkontakt med nokon andre kan dei oppleve det som uttrygt. Dei søker då fanget til den voksne igjen. Når barnet har fått sitte på fanget litt, er dei klar for utforskning igjen. Ut i frå dette ser eg at barnet stolar på at den voksne kan gje barnet det ein treng av trøyst, omsorg og støtte i situasjonar som kan oppstå. Barnet som er ute å utforskar men som slår seg eller har fått nærbarnkontakt med nokon andre, ser på den voksne som ei trygg base. Barnet i denne situasjonen er trygg på den voksne og veit at den voksne er tilstades dersom nokon usikkert skal oppstå. Barnet torer seg difor å utforske og kan bevege seg rundt på eigenhand. I eksempelet her viser barnet at den er trygg på den voksne, og den voksne fungerer som ein ladestasjon for barnet, før den er klar for å utforske igjen.

Noko som kan vere utfordrande i ein barnehagekvardag er tida, det er alltid noko som skal gjerast. Vi må difor prøve å legge bak oss alt dette for å kunne vere på golvet og finne ro nok til å vere tilgjengeleg for barna når dei treng oss.

Når barnet sine foreldre har gått ut av barnehagen, vil dei minste barna kjenne seg urolege. Det som best kan hjelpe barnet med den uroa og saknet, er den sekundære tilknytingspersonen. Det vesle barnet vil bli lettare stressa og urolege utan ein tilknytingsperson tilgjengeleg (Brandtzæg et al., 2016, s.21). Vi ser at dersom vi klarer å lese barnet sine behov, skapar det meir tryggleik. Når barnet kjem om morgonen, set seg til frukostbordet, det er som ei trygg base, men likevel når mor eller far går så kan det utløyse ein alarm, med alarm so meiner eg gråt. Men når barnet ser at primærkontakta sit ved sidan av stoppar alarmen (Informant 1). I dette eksempelet ser ein at barnet har danna ei trygg tilknyting til primærkontakta si, og er trygg når den sekundære tilknytingspersonen er tilstades.

## 6 Konklusjon

Eg har i denne oppgåva svart på problemstillinga «korleis arbeidar pedagogiske leiarar for å gje dei yngste barna ein trygg og god start i barnehagen?» For å svare på problemstillinga har eg intervjuia fire pedagogiske leiarar på småbarnsavdelingar frå fire ulike barnehagar.

Temaet tilvenning er eit tema som mine informantar har mykje kunnskap, tankar og erfaringar rundt. Mine hovudfunn i studien er at dei fire pedagogiske leiarane vektlegg tilvenning og tilknyting for å gje dei yngste barna ein trygg og god start i barnehagen. I arbeide for ein trygg og god start i barnehagen for dei yngste barna nyttar dei fire arbeidsmetodar innanfor desse to hovudkategoriane: foreldresamarbeid, primærkontakt, tryggleiksobjekt, tryggleikssirkelen.

Dei fire pedagogiske leiarane eg intervjuia vektlegg at eit godt foreldresamarbeid er heilt avgjerande for at dei yngste barna skal få det bra i barnehagen. Dersom dei tilsette klarer å ha ein god relasjon til foreldra, vil relasjonen til barnet også bli betre.

Alle fire informantane mine nyttar primærkontakt når dei yngste barna startar i barnehagen. Dei opplever større tryggleik hos både foreldre og barn når dei blir møtt av ein fast person kvar dag.

Noko som informantane vektlegg for at dei yngste barna skal få ein trygg og god start er tryggleiksobjekt. Dette kan vere både fysiske objekt, men også rutinar og ritual heimanfrå som opplevast som trygt for barnet.

Tryggleikssirkelen er noko alle fire informantane brukar i arbeidet med tilknyting når dei yngste barna startar i barnehagen. I min studie kjem det fram at dei pedagogiske leiariane meiner tryggleikssirkelen er tydeleg når dei yngste barna startar i barnehagen. Dersom barnet torer seg ut å utforske og kan bevege seg rundt på eigenhand, og søker den vaksne dersom noko barnet opplever som uttrygt, er barnet trygg på at den vaksne er tilstades gir det trøyst, omsorg og støtte gir dette tryggleik hos barnet.

Mine funn i denne studien og annan forsking viser at foreldreakтив tilvenning er hensiktsmessig. Ved å ha foreldre tilstades i barnehagen opplever ein at foreldre blir tryggare. Når foreldra er trygge på den nye kvardagen smittar det over på barna.

## 7 Litteraturliste

- Abrahamsen, G. (2013). En god start i barnehagen: toleranse for avskjed i tårer og tid til det nødvendige. I Haugen, S., Løkken, G., & Röthle, M (red). *Småbarnspedagogikk: Fenomenologiske og estetiske tilnærminger.* (s. 69-83) Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Befring, E. (2015). *Forskningsmetoder i utdanningsvitenskap.* Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Belland, T. E. & Moi, C. L. (2015). *Foreldreaktiv tilvenning skaper trygge barn. Hent fra <https://utdanningsforskning.no/artikler/foreldreaktiv-tilvenning-skaper-trygge-barn/>*
- Bergsland, M. D., & Jæger, H. (red.) (2015). *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen.* Oslo: Cappelen Damm akademisk
- Brandtzæg, I., Torsteinson, S., & Øiestad, G. (2016). *Se barnet innenfra. Hvordan jobbe med tilknytning i barnehagen.* Oslo: Kommuneforlaget.
- Broström, S., Jensen, A., Hansen, O.H., & Svinth, L. (2016). *Barnet i centrum: Pædagogik og relationer i vuggestue og dagpleje.* København: Akademisk Forlag.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (6.utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Drugli, M. B. (2017). *Liten i barnehagen* (3.utg.). Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Drugli, M.B. & Lekhal, R. (2018). *Livsmestring og psykisk helse.* Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Drugli, M.B., Lekhal, R. & Buøen, E.S. (2020). *Tilvenning og foreldresamarbeid.* Oslo: Cappelen damm akademisk.

Ebbeck, M. & Yim, H.Y.B. (2009). Rethinking attachment: Fostering positive relationships between infants, toddlers and their primary caregivers. *Early child Development and Care*, 179, 899-909.

Fagereng, K. M. (2015). *Velkommen til barnehagelivet! Oppstart og tilvenning for barn og voksne*. Oslo: Kommuneforlaget.

Justesen, L. & Mik-Meyer, N. (2010) *Kvalitative metoder i organisations- og ledelsesstudier*. København: Hans Reitzels Forlag.

Kunnskapsdepartementet. (2005). *Lov om barnehager*. (Lov- 2005-06-17-64) Henta frå [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehagelova#KAPITTEL\\_1](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehagelova#KAPITTEL_1)

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Henta frå <https://www.udir.no>

Kvale, S., & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskingsintervju*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Niss, G. (2018). *Å begynne i barnehagen*. Bergen: Pedlex

Statistisk sentralbyrå. (2020). *Barnehager*. Henta frå <https://www.ssb.no/utdanning/statistikker/barnehager>

Midtsand, M., Trondheim kommune (2019). *Liten og ny i barnehagen. Rapport fra pilotprosjekt 2017-2018*. Henta fra <https://litenogny.com/wp-content/uploads/2019/04/Rapport-Pilotprosjekt-Liten-og-ny-.pdf>

# Vedlegg 1: Samtykkeskjema



## Vil du delta i bachelorprosjektet tilvenning?

Dette er eit spørsmål til deg om du vil delta i eit bachelorprosjekt der formålet er å innehente enno meir kunnskap om barns første møte med barnehagen, og korleis vi i barnehagen kan sikre ein god og trygg start for kvart enkelt barn. Eg håper at eg gjennom dette arbeidet kan finne ut kva eg kan gjere for at denne overgangen skal kunne bli best mogleg for kvart einskilt born, når eg ein dag står i denne situasjonen. I dette skrivet gir eg deg informasjon om mål for prosjektet og kva deltakinga vil ha å seie for deg.

### Formål

Prosjektet er ei bacheloroppgåve ved Høgskulen i Volda. Formålet mitt med prosjektet er å få innsikt i korleis ein kan arbeide for ei god tilvenning for dei yngste barna i barnehagen. I denne bacheloroppgåva vil eg intervjuet til saman fire pedagogiske leiarar i fire ulike barnehagar og to ulike kommuner.

### Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Høgskulen i Volda ved dosent Bente Vatne er ansvarleg for prosjektet.

### Kvífor får du spørsmål om å delta?

På grunnlag av at du er pedagogisk leiar er det interessant for meg å intervju deg i din barnehage for å få rikare kunnskap om dine erfaringar med temaet tilvenning eller for å få rikare kunnskap om korleis de arbeider med temaet tilvenning i dykkar barnehage. Eg har velt å intervju deg på grunnlag av at eg veit du har mykje kunnskap på temaet, noko som eg ynskjer å benytte meg av.

### Kva vil det ha å seie for deg å delta?

Dersom du vel å ta del i prosjektet, inneber det at eg vil møte deg og gjennomføre eit intervju som vil ta ca. 30-40 minutt. Eg vil nytte ein intervjuguide som eg har laga på førehand. Eg vil gjere opptak av intervjuet ved bruk av ein låst app på mobiltelefonen.

### Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gi noko årsak. Det vil ikkje ha noko negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller vel å trekkje deg seinare. Alle opplysingar om deg vil bli sletta.

### Personvernet ditt – korleis vi tek vare på og nyttar opplysingane dine

Eg vil berre nytte opplysingane om deg til formåla eg har gjort greie for i dette skrivet.  
Eg behandler opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Namnet og kontaktopplysingane dine vil eg erstatte med ei kode som vert lagra på  
eigen namneliste, skilt frå det andre datamaterialet. Data vert lagra på låst  
datamaskin.

I tillegg til meg sjølv er det berre ansvarleg for prosjektet ved Høgskulen i Volda,  
dosent Bente Vatne, som vil ha tilgang til datamaterialet. Opptak vert sletta når data  
er transkribert og det transkriberte datamaterialet vert sletta ved prosjektslutt 15. juni  
2020.

### Rettane dine

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysingar som er registrert om deg,
- å få retta personopplysingar om deg,
- få sletta personopplysingar om deg,
- få utlevert ein kopi av personopplysingane dine, og
- å sende klage til personvernombodet eller Datatilsynet om behandlinga av  
personopplysingane dine.

### Kva skjer med opplysingane dine når eg/vi avsluttar forskingsprosjektet?

Prosjektet skal etter planen avsluttast innan 15. juni 2020. Alle personopplysingar og  
datamateriale vil bli sletta når prosjektet er avslutta.

På oppdrag frå Høgskulen i Volda har NSD (Norsk senter for forskningsdata AS)  
vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med  
personvernregelverket.

### Kvar kan eg finne ut meir?

Om du har spørsmål til bachelorprosjektet, eller ønskjer å nytte deg av dine  
rettigheiter, ta kontakt med:

- (rettleiar)
- Bente Vatne (emneansvarleg) [bente.vatne@hivolda.no](mailto:bente.vatne@hivolda.no)
- Høgskulen i Volda ved personvernombod: Cecilie Røeggen,  
[personvernombod@hivolda.no](mailto:personvernombod@hivolda.no)
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost  
[personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller telefon: 55 58 21 17.

Med vennleg helsing

Prosjektansvarleg  
Dosent Bente Vatne

Student

---

-----  
**Samtykkeerklæring**  
Samtykket skal gjerast skriftleg.

Eg har mottatt og forstått informasjonen om prosjektet bacheloroppgåve om tilvenning og eg har fått høve til å stille spørsmål om prosjektet. Eg gir samtykke til:

- å delta i semistrukturert intervju med temaet tilvenning

Eg gir samtykke til at mine opplysingar vert behandla fram til prosjektet er avslutta, 15. juni 2020.

---

(Signert av informant, dato)

## Vedlegg 2 Samtykkeskjema covid-19



HØGSKULEN  
I VOLDA

Vil du delta i bachelorprosjektet *Tilvenning*?

Dette er eit spørsmål til deg om du vil delta i eit bachelorprosjekt der formålet er å innehente enno meir kunnskap om barns første møte med barnehagen, og korleis vi i barnehagen kan sikre ein god og trygg start for kvart enkelt barn. Eg håper at eg gjennom dette arbeidet kan finne ut kva eg kan gjere for at denne overgangen skal kunne bli best mogleg for kvart einskilt born, når eg ein dag står i denne situasjonen. I dette skrivet gir eg deg informasjon om mål for prosjektet og kva deltakinga vil ha å seie for deg. **På grunn av den alvorlege situasjonen med coronasmitte vil det ikkje vere mogleg med intervju med personleg oppmøte. Eg håper difor at dette intervjuet kan verte gjennomført ved at du som informant svarar skriftleg på tilsendt intervjuguide. Eg er svært takksam for at du stiller opp, slik at eg kan gjennomføre utdanninga mi dette vårsemesteret som planlagd.**

### Formål

Prosjektet er ei bacheloroppgåve ved Høgskulen i Volda. Formålet mitt med prosjektet er å få innsikt i korleis ein kan leggje til rette for ei god tilvenning for dei yngste barna i barnehagen. I denne bacheloroppgåva vil eg intervjuet til saman fire pedagogiske leiarar i fire ulike barnehagar og to ulike kommuner.

### Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Høgskulen i Volda ved dosent Bente Vatne er ansvarleg for prosjektet.

### Kvífor får du spørsmål om å delta?

På grunnlag av at du er pedagogisk leiar er det interessant for meg å intervju deg i din barnehage for å få rikare kunnskap om dine erfaringar med temaet tilvenning eller for å få rikare kunnskap om korleis de arbeider med temaet tilvenning i dykkar barnehage. Eg har velt å intervju deg på grunnlag av at eg veit du har mykje kunnskap på temaet, noko som eg ynskjer å benytte meg av.

### Kva vil det ha å seie for deg å delta?

Dersom du vil ta del i prosjektet er eg svært takknemleg for at du svarar skriftleg på spørsmåla i intervjuguiden min. Svara frå intervjuguiden blir registrert i låst datamaskin.

### Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gi noko årsak. Det vil ikkje ha noko negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller vel å trekkje deg seinare. Alle opplysingar om deg vil bli sletta. Du kan trekkje deg ved å kontakte emne- og prosjektansvarleg Bente Vatne per e-post eller per telefon (sjå nedanfor).

### Personvernet ditt – korleis vi tek vare på og nyttar opplysingane dine

Eg vil berre nytte opplysingane om deg til formåla eg har gjort greie for i dette skrivet. Eg behandler opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Namnet og kontaktopplysingane dine vil eg erstatte med ei kode som vert lagra på eigen namneliste, skilt frå det andre datamaterialet. Data vert lagra på låst datamaskin. I tillegg til meg sjølv er det berre ansvarleg for prosjektet ved Høgskulen i Volda, dosent Bente Vatne, som vil ha tilgang til datamaterialet. Opptak vert sletta når data er transkribert, og det transkriberte datamaterialet vert sletta ved prosjektslutt 15. juni 2020.

### Rettane dine

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysingar som er registrert om deg,
- å få retta personopplysingar om deg,
- få sletta personopplysingar om deg,
- få utlevert ein kopi av personopplysingane dine, og
- å sende klage til Personvernombodet eller Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine

Dersom du ønskjer å få innsyn, sletta eller retta personopplysninga i datamaterialet, kan du ta kontakt med emne- og prosjektansvarleg Bente Vatne per e-post eller telefon.

### Kva skjer med opplysingane dine når eg/vi avsluttar forskingsprosjektet?

Prosjektet skal avsluttast innan 15. juni 2020. Alle personopplysingar og datamateriale vil bli sletta når prosjektet er avslutta.

På oppdrag frå Høgskulen i Volda har NSD (Norsk senter for forskningsdata AS) vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### Kvar kan eg finne ut meir?

Om du har spørsmål til bachelorprosjektet, eller ønskjer å nytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- (rettleiar)
- Bente Vatne (emneansvarleg og prosjektansvarleg) 70075356  
[bente.vatne@hivolda.no](mailto:bente.vatne@hivolda.no)
- Høgskulen i Volda ved personvernombod: Cecilie Røeggen, 70075073  
[personvernombod@hivolda.no](mailto:personvernombod@hivolda.no)
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller telefon: 55 58 21 17.

Høgskulen i Volda er stengd, så kontakten må gjennomførast gjennom e-post.

Med vennleg helsing

Prosjektansvarleg  
Dosent Bente Vatne

Student

---

**Samtykkeerklæring**

*Samtykket skal gjerast skriftleg.*

Eg har mottatt og forstått informasjonen om prosjektet bacheloroppgåve om tilvenning og eg har fått høve til å stille spørsmål om prosjektet. Eg gir samtykke til:

- å delta i svare på intervjuguiden skriftleg på e-post.

Eg gir samtykke til at mine opplysingar vert behandla fram til prosjektet er avslutta, 15. juni 2020.

---

(Signert av informant, dato)

NB! Det er viktig at de signerer på alle ark.

## Vedlegg 3 Intervjuguide

Tema: Tilvenning

Problemstilling: Korleis arbeidar pedagogiske leiarar for å gje dei yngste barna ein trygg og god start i barnehagen?

I mi bacheloroppgåve vil eg intervju fire pedagogiske leiarar om deira erfaringar, kunnskap og tankar rundt temaet tilvenning. Ingen svar er rette eller feil. Dersom du vil ta del i prosjektet er eg svært takknemleg for at du svarar skriftleg på spørsmåla i intervjuguiden min. Svara frå intervjuguiden blir registrert i låst datamaskin.

1. Litt om deg sjølv	<p>a) Kan du fortelje om din veg til å bli barnehagelærar?</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Kva utdanning har du?</li><li>- Kva år var du ferdig utdanna?</li><li>- Kvifor velde du å bli barnehagelærar?</li></ul> <p>b) Har du hatt om temaet tilvenning i utdanninga? Eventuelt noko etter fullført utdanning?</p> <p>c) Kor lenge har du arbeidd i barnehage?</p> <p>d) Kor mange år har du jobba på småbarnsavdeling?</p>
2. Tilvenning	<p>a) Kan du fortelje om prosedyrane de har når eit nytt barn byrjar i barnehagen?</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Gjeld prosedyrane for avdelinga? Felles for barnehagen/felles i alle barnehagar i kommunen?</li><li>- Kor mange dagar nyttar de til tilvenning?</li><li>- Korleis nyttar de dagane i starten for eit barn som begynner i barnehagen?</li><li>- Blir det gjort individuelle tilpasningar?</li></ul> <p>b) Kan du fortelje om ei tilvenningsperiode du hugsar godt? Kvifor sit denne så godt i minnet?</p> <p>d) Kva tankar har du om å nytte primærkontakt når eit nytt barn byrjar i barnehagen?</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Nyttar de primærkontakt/kontaktperson Kvifor eventuelt kvifor ikkje?</li><li>- Korleis vel dykk kven som skal vere primærkontakt for barnet, og når vel de det?</li></ul> <p>e) Kan du seie noko om kva du ser på som teikn av tryggheit hos dei yngste barna i barnehagen?</p>

	<p>c) Kan du fortelje om utfordringar du har møtt når eit nytt barn har starta i barnehagen?</p> <p>d) Kva tenkjer du er det viktigaste for dei yngste barna som skal byrje i barnehagen?</p>
3. Samarbeid på avdelinga	<p>a) Korleis samarbeidar de på avdelinga når eit nytt barn startar i barnehagen?</p> <p>- Korleis informerer du dei andre tilsette?</p> <p>b) Har måten de arbeider på når eit nytt barn startar i barnehagen endra seg med åra, i såfall korleis?</p> <p>- Eventuelt kva kan vere grunnen til desse endringane?</p>
4. Foreldresamarbeid	<p>a) Kva meinar du er viktig når det gjeld foreldresamarbeid under tilvenningsperioda?</p> <p>b) Kva utfordringar har du møtt i foreldresamarbeid når eit nytt barn startar i barnehagen?</p> <p>- Korleis løyste du desse utfordringane?</p> <p>c) Kva tankar har du om foreldra si rolle i tilvenningsperioda?</p> <p>d) Har de verktøy som de kan nytte i høve tilvenninga?</p> <p>e) Kva tenkjer du er eit godt foreldresamarbeid?</p>
5. Eventuelt	Eventuelt noko du ynskjer å tilføye?